



Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.

Se mottakerliste nedenfor.

Dato:

22.03.2017

Vår ref:

14/01562-5

Deres ref:

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Høyring av søknad om driftskonsesjon for Høgabrekka i Modalen kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Knut Dale Sandtak v/Sigrun Dale, datert 28. oktober 2014.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMFs heimeside: <http://www.dirmin.no/> under "Saker til høyring". Høyringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Høyringsfristen er **19. april 2017**.

Søknaden

Høgabrekka er lokalisert på gnr./bnr. 76/4 i Modalen kommune. Det omsøkte området er 38 dekar og framgår av kart i høyringsvedlegget. Området er i arealplan, vedtatt 15. oktober 2015, avsett til råstoffutvinning.

Det vert oppgjeve i søknaden at førekomensten består av samfengd masse med innhold av sand, grus og stein. Massane vil i følge søknaden bli levert til Modalen sandtak og fordela til støypesand og singel. Vidare opplysast det i søknaden at produkta blir selde til ulike betongstasjonar i Bergensområdet. Totalvolum for uttaket er anslått til 80 000 m³. Forventa årleg uttak er 15 000 m³.

DMFs behandling av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyremakt i saker med samla uttak av mineralførekomenstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alle uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivrarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på



naboeigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen (kommunane), fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegnar før DMF gjer vedtak.

Innkomne konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønnsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkeren er «skikka» til å utvinne førekomensten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi òg legge vekt på

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knyttt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkeren som har ansvaret for å innhente slike løyve.

Nærmare om høyringsfråsegnene

Vi oppfordrar høyringsinstansane til å komme med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette komme med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi òg om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytte til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette er sikra gjennom plan- og bygningslova. Synspunkt knytte til kommunens allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil vi derfor ikkje legge særleg vekt på ved vurderinga.

Ut frå det DMF kan sjå er omsøkt område avsett til råstoffutvinning i kommunens arealplan. I følgje punkt 2.6 i arealplanens føresegnar at i område for råstoffutvinning må det ligge føre godkjent reguleringsplan med konsekvensutgreiing før eventuelle uttak kan starta. DMF ber kommunen særskilt uttale seg med omsyn til regulering av omsøkt området.



DMF ber kommune og fylkesmann informere om tiltaket berører naturmangfold, herunder eventuelle effektar og konsekvensar av pårekning, samt konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør vurderast.

Søk i naturbase og artskart viser at det ikkje er registrert prioriterte eller truede arter eller utalte eller truede naturtypar i foreslåtte konsesjonsområde. Tiltaket ligg like ved vannførekommunane Nedre Modalen og Moelvi.

DMF ber fylkeskommunen informere om det førelegger kjente kulturminner som kan bli berørt av uttaket, herunder eventuelle effektar og konsekvensar av pårekning, samt konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør vurderast.

Vi ber kommunen spesielt informere oss så snart som mulig om det er særlig berørte parter som ikkje står på adresselista.

Innsending av høyringsfråsegner

Vi ber om at høyringsfråsegna blir send innan fristen **19. april 2017**, på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyringsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no.

Vennlig hilsen

Marit Mia Bjørnstad
rådgiver

Geir Sigurd Hovig
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Geir Sigurd Hovig



Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Modalen kommune	Postboks 44	5729 MODALEN
Statens vegvesen Region sør	Postboks 723 Stoa	4808 ARENDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Postboks 53	6801 FØRDE
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Modalen Kraftlag BA	–	5729 MODALEN
Trude Langedal	Modalen 325	5729 MODALEN
Tone Selmer Skuggevik	Modalen 325	5729 MODALEN
Åse Johanne Jarleng	Modalen 340	5729 MODALEN
Lewis Helge Bolstad	Modalen 332	5729 MODALEN

Kopi til:

Dale Knut sandtak Sigrun	Modalen 12	5729 MODALEN
Dale		